



HAREID KOMMUNE



## **FORSKRIFT FOR NAMNSETTING, ADRESSERING OG ADRESSEFORVALTNING I HAREID KOMMUNE**

### **(ADRESSEFORSKRIFT)**

Vedteke i Hareid kommunestyre xx.xx.xxxx, sak KST PS xx/xx



*Med heimel i lov av 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21,  
med tilhøyrande forskrift av 26. juni 2009 nr. 864. kap. 12 § 59.  
Jf. også lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.*



## Innhald

§ 1.	Formål og omfang _____	3
§ 2.	Adresseemynde _____	3
§ 3.	Namnemynde _____	3
§ 4.	Offisiell adresse _____	4
§ 5.	Om adressemynda og namnemynda sitt arbeid _____	4
§ 6.	Retningsliner for val og skrivemåte av adressenamna. _____	5
§ 7.	Retningsliner for utforming av adressesystemet og nummerering av adressene 5	
§ 8.	Skilting _____	6
§ 9.	Klagerett _____	7
§ 10.	Iverksetjing _____	7



## § 1. Formål og omfang

Formålet med forskrifta er å legge til rette for at matrikkellova vert oppfylt, og at einsarta og pålitelege adresser er tilgjengelege slik at folk lett kan finne fram i kommunen. Dette er viktig for verksemder som yter tenester mot bustadmarknaden, og kan vere avgjerande for naudetatar som politi, brannvern og helse.

Det er ei målsetjing at alle eigedomar skal ha offisiell adresse i form av vegadresse med adressenummer og eventuell bokstav. Til offisiell adresse kan og eit bustadnummer og/eller eit adressetilleggsnamn høyre med.

## § 2. Adresseemynde

Eining for plan, byggesak og geodata er kommunen si adresseemynde, og har ansvar for adresseforvaltninga i kommunen med tildeling av offisielle adresser etter reglane i matrikkellova og tilhøyrande forskrifter. I dette arbeidet inngår oppdeling av vegnettet i adresseparsellar. Når adressemynda har definert nye adresseparsellar skal desse sendast over til namnemynda for å få sett godkjend namn på adresseparsellane.

## § 3. Namnemynde

Kommunestyret er kommunen si namnemynde og har ansvar for namnsetting og gjer vedtak om skrivemåten av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn. Eining for plan, byggesak og geodata har ansvar for saksforberedande arbeid knytt til namnsetting og skrivemåte av stadnamn/adressenamn etter reglane i lov om stadnamn.

Innsamling og forslag til adressenamn vert overlate til namnenemnda. Namnenemnda er kommunen sitt rådgjevande organ i spørsmål som gjeld:

- Namn på vegar
- Kommunale og eventuelt private byggefelt, offentlege bygningar, offentlege plassar, kommunale bruer, kommunale landemerke og liknande.
- Saker der kommunen har namn til uttale

Namnenemnda vert vald av kommunestyret, og skal ha tre medlemmar med vara.

Politisk sekretariat er sekretær for namnenemnda, medan fageining i administrasjonen gjer nødvendig sakshandsaming i tråd med Lov om stadnamn og ekspedisjon fram til endeleg godkjenning i kommunestyret. Kommunen skal på same måte kunne bruke namnenemnda når den på kommunen sine vegne vil uttale seg om skrivemåten av stadnamn/ adressenamn som kommunen ikkje har vedtaksretten for.



## § 4. Offisiell adresse

Med offisiell adresse meiner ein:

- a) Vegadresse angitt med vegnamn, adressenummer (husnummer) og eventuell bokstav

eller:

- b) Områdeadresse angitt med områdenamn, adressenummer (husnummer) og eventuell bokstav

eller:

- c) Matrikkeladresse, angitt med gardsnummer, bruksnummer og eventuelt festenummer og/eller undernummer, med tilhøyrande adressenamn.

Til offisiell adresse kan òg eit bustadnummer høyre med.

## § 5. Om adressemynda og namnemynda sitt arbeid

Ved innføring av vegadresser utarbeidar adressemynda kartoversikt som viser dei enkelte adresseparsellar (veger) med angitt start- og endepunkt, og tildelte adressenummer (husnummer) etter reglane slik dei går fram av matrikkelforskrifta kapittel 12 og adresserettleiaren utgjeve av Kartverket.

1. Namnemynda vedtek namn og skrivemåte for dei enkelte adresseparsellar og/eller område/bygg med eventuelle tilleggsnamn (namn på f.eks. bustadfelt). Forslag til namn skal sendast på høyring og offentleggjerast i lokalvisa eller på kommunen sine heimesider, slik at aktuelle foreiningar, lag og enkeltpersonar i kommunen/området får høve til å kome med merknader. Stadnamntenesta for Vestlandet skal også ha forslaga til høyring.
2. For nye områder/bustadfelt der vegadresser skal nyttast, bør namnsetting skje samtidig eller rett etter slutthandsaming av reguleringsplan, slik at ikkje "tilfeldige" namn kjem i varig bruk.
3. Adressemyndet kan endre tidlegare tildelte adressenummer der det er naudsynt for å oppnå klarare og meir eintydig adresse i samsvar med føreskriftene.
4. Adressemyndet skal sende melding til heimelshavar og eventuell festar ved tildeling og endring av adresse. Før kommunen gjer endeleg vedtak skal dei som vedtaket får verknad for, få høve til å uttale seg. Sakshandsaming fylgjer reglane i forvaltningslova.
5. I område der ein nyttar områdeadressering vedtek namnemynda adressenamn. Som hovudregel nyttast grendenamn knytt til det enkelte gardsnummer, og eventuelt eit tilleggsnamn. Gardsnamn kan utelatast, dersom dette gir missvisande informasjon, men da skal eit anna namn nyttast.



## § 6. Retningslinjer for val og skrivemåte av adressenamna.

1. Adressenamna må passe inn i eit samordna system for adressering. Namna bør vere lette å oppfatte, skrive og uttale, og dei skal vere slik at dei ikkje vert forveksla med andre eksisterande adressenamn eller mykje brukte og ålment kjente stadnamn i adresseområdet. Adressenamna bør vere varierte.
2. Adressenamnet bør høve på staden, verka lokalisierende og så langt råd er byggje på lokal namnetradisjon der adresseparsellen ligg.
3. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk.
4. Gjennom namnsettinga skal ein verne om og ta vare på lokal kulturarv. Namn på personar som er i live, bør ikkje takast i bruk i adressenamn.
5. Skrivemåten skal vere i samsvar med det lokale målføret og elles følgje normer for rettskriving av stadnamn. Der rettskrivinga gjev rom for varierende normering, skal ein nytte den forma som ligg nærast opp til talemålet på staden der adresseparsellen ligg.
6. I saksførebuinga til namneval skal lokalmiljøet, aktuelle uttrykkingsetatar (brann, politi og ambulanse) og Statens namnekonsulentar vera rådspurte.

## § 7. Retningslinjer for utforming av adressesystemet og nummerering av adressene

1. Adresseemynda skal utarbeide tenlege adresseparsellar, som skal ha som hovudhensikt å gjere det enkelt for alle å finne fram. Offisielle adresser er ikkje først og fremst for adresseeigaren sjølv, men ein del av infrastrukturen i kommunen. Namnenemda har ikkje høve til å gjere endringar på adresseparsellane som adresseemynda har utarbeidd, men skal finne gode namn til desse.
2. Startpunkt for nummertildeling av adresser til veg eller område med eige adressenamn, er normalt der vegen eller tilkomst til området tek av frå overordna veg. Der ein adresseparsell (veg/område) har to eller fleire tilknytingspunkt til overordna veg, skal utgangspunktet for nummereringa til vanleg vere det som ligg nærast utgangspunktet rekna etter ferdsselsåra (i hovudsak frå sentrum og ut).
3. Sidevegar til ein overordna veg, bør gjevast eige adressenamn dersom sidevegen er:
  - a. kortare enn 200 m og fører til minst 14 adresseeiningar.
  - b. lengre enn 200 m og fører til minst 7 adresseeiningar



4. Der adresseeiningane mest tenleg kan knytast til eit naturleg avgrensa område, bør området ha eige adressenamn dersom det i området er minst 20 adresseeiningar (områdeadressering).
5. For å gjera det lettare å finne fram, kan adressemynde gjere unntak frå grensene som er sette i nr. 3 og 4. Unntak kan ein og gjere for å unngå større endringar i det etablerte adresssystemet. Det kan også takast kulturhistoriske omsyn ved namnsetjinga, såframt dette ikkje medfører konsekvensar for føringane som er gjeve i pkt. 1.
6. Det skal nyttast oddetal på høgre og partal tal på venstre sida av vegen sett frå startpunktet av vegen.
7. Nummereringa langs sidene til ein veg skal gå mest mogleg parallelt og det bør reserverast ledige nummer i tilfelle utbygging.
8. Avstandsprinsippet vert nytta i område med spreidd busetnad. Her vert nummertildelinga rekna ut frå startpunktet til vegen rekna i 10-meter, for eksempel ei adresseeining som ligg 400 m frå der vegen startar gjev nummer 40.
9. Ein kan også nytte seg av kombinert tradisjonell adressering og adressering ut frå avstandsprinsippet.
10. Nummereringa av adresseeiningane innafor dei einskilde adressenamna (adresseparsellane) skal elles vera i samsvar med tilrådd standard i *Adresseveiledaren – om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikkellova*.

## § 8. Skilting

1. Eining for kommunalteknikk skal setje opp og halde ved like vegnamnskilt og tilvisingsskilt for adresser med tilkomst frå fellesvegar som ikkje har eigne adressenamn. I tillegg skal kommunen i nødvendig omfang sette opp og halde ved like kryssorienteringsskilt og andre opplysnings- og tilvisingsskilt som skal hjelpe ukjende fram til rett adresse.
2. Eigar / festar av eigedom som har fått tildelt offisiell adresse av kommunen, pliktar å koste, sette opp og halde ved like husnummerskilt og tilvisingsskilt i samsvar med § 57 i matrikkelforskrifta.
3. For eksisterande bygg/eigedomar som får tildelt adressenummer i vegadresse, skal nummerskilt vere sett opp innan eitt år etter at adressetildelinga er gjort kjend. For nye bygg skal nummerskilt vere oppsett før bygget vert teke i bruk.





4. Adressemynda skal føre kontroll med at ovanforståande reglar blir fylgt og gje dei nødvendige pålegg. Pålegg som ikkje vert imøtekomne, kan adressemynda la utføre på eigars/festars rekning.
5. Husnummerskilta skal plasserast slik at dei tydeleg viser kva bygning/eigedom dei er knytte til, og vere plassert slik at dei er lett synlege frå veg/gate. Huseigar pliktar å sørge for at nummerskilt og tilvisingsskilt ikkje er skjult av trær, busker, andre skilt eller liknande. Skilta skal haldast heile og reine, med tydelege tal og eventuell bokstav (stor). Der skilt vanskeleg kan sjåast frå vegen, skal nummerskiltet plasserast i høveleg høgd på port, inngjerding, stolpe eller anna eigna stad, og som regel til høgre for inngang/innkøyring.
6. Vender nummerskiltet mot annan veg enn den adressa er knytt til, skal det under nummerskiltet monterast skilt som viser kva veg bygninga er adressert til.
7. Materiale og utforming av skilt skal vere slik:
  - Som adressenamnskilt skal nyttast skilt i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal (pr. vedtaksdato skilt nr. 729)
  - Husnummerskilt og tilvisingsskilt skal vere i bestandig materiale
  - Husnummerskilta skal ha tydeleg lesbare teikn med teksthøgde på minimum 105 millimeter.

## § 9. Klagerett

Klage kan berre gjelde tildeling av adresse til den einkilde eigedomen, jamfør matrikkellova § 46 og matrikkelforskrifta § 22.

Ein kan altså klage på det nummeret eigedomen har fått. Dersom det er fleire alternative vegar eigedomen kan adresserast til, er det også høve til å klage på kva veg tildelt adresse viser til. Ein kan også klage på kva adressetilleggsnavn eller matrikeladressenavn som er tildelt adressa. Vedtekne vegnamn kan ikkje påklagast.

## § 10. Iverksetjing

Desse retningslinene gjeld frå den dato dei er vedtekne i kommunestyret.

Hareid kommune